

Sårbarheit

For villreinen er menneske eit rovdyr, frykt for menneske er nedarva etter ti-tusnar av år med jakt. Tamrein har ei redusert frykt for menneske då ein har avla på dei minst sky dyra. Viltlevande rein med tamreinopphav er likevel og vare, særleg om vinteren og ikkje minst i kalvingstida.

For å klare å ta vare på leveområda til villreinen lyt ein sjå på villreinområdet som ein heilskap. Villreinen er ein nomade, og vandrar mellom ulike beiteområde. Dette er ein tilpassing til det ekstreme, alpine miljøet dei lever i. Reinsdyr har ein syklisk bruk av beita. Dei nyttar seg av eit område i nokre år for så å finne seg nye beiter. Tydlegast er dette for vinterbeita, der lav er viktigaste ressurs. Det tek gjerne kring 20 år før ei nedbeita lavmatte er godt restituert. Når vegetasjonen har teke seg opp att kan dyra kome tilbake. Då er det viktig at området framleis er tilgjengeleg.

Reinsdyr vil halde seg unna område med høg menneskeleg aktivitet. Tiltak som skapar ferdsel har større verknad enn fysiske installasjonar som står i ro, om desse ikkje ligg slik at dei hindrar trekkruiter. Turstiar og skiløyper med høgt bruk kan skape ei barriere for rein om dei ligg på tvers av ei av dyra sine faste trekkruiter. Med god lokalkunnskap kan me legge turstiane våre slik at me kan nyte naturen utan å påverke villreinen.

Vinter for villreinen i Sunnfjord
Foto: Espen Dyngen



Foto: Ole Bjarne Hovland

Utbreiing

Reinsdyr (*Rangifer tarandus*), er eit fjell- og tundradyr med sirkumpolar utbreiing. Ulike underartar av rein finst i fjell- og tundraområde på den nordlege halvkula, med både ville bestandar og store område med tamreindrift. I Noreg, den russiske taigaen i Sibir og på Island høyrer både tamrein og villrein til underarten *Rangifer tarandus tarandus*. I Finland og Sverige finst skogsrein, og Svalbard har sin eigen underart i Svalbardreinen. I fjell- og tundralandskap i Alaska og Canada og på Grønland finst i alt 4 ulike underartar.

I Noreg er leveområda til villrein delt inn i 23 ulike villreinområde. Hovudårsaka til denne oppdelinga er menneskelege inngrep som hindra reinen i å trekke fritt etter sine opphavlege migrasjonsruiter.

Utfordringar – bit for bit

Den største utfordringa i villreinforvaltninga i Noreg er å bevare leveområda til villreinen. Areal med uforstyrra fjellområde vert stadig snevra inn, og presset er størst i ytterkantane. Fokus på arealforvaltning har vorte viktigare og viktigare del av villreinforvaltninga i Noreg.

Kontaktinformasjon Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Sekretariat:
Siri Bøthun Naturforvaltning
Hovsgranden
6896 Fresvik

Telefon: 975 14 784
E-post: post@sbnatur.no

www.villrein.no



Foto: Ole Bjarne Hovland

Om å ta vare på villrein i Sogn og Fjordane


Villrein, ein norsk ansvarsart

Villrein er ein urinvånar mellom dei Europeiske viltartane. Arten har vore ein av nøkkelressursane i europeisk kultur i ti-tusnar av år. Under siste istid levde store flokkar av dette fjell- og tundradyrret i steppelandskapet i dåtidas Europa. Det var det første jaktbare storviltet som etablerte seg i Noreg då isen trakk seg attende, og var med det ein viktig del av eksistensgrunnlaget for steinaldermennesket. Noreg bærer eit stort kulturelt og økologisk ansvar som einaste Europeiske land med levedyktige, ville fjellreinbestandar.

Villreinnemnder

Villreinnemnda er ei offentleg nemnd nedsett av Miljødirektoratet. Nemnda har ein politisk vald representant, med personleg vara, frå kvar kommune som har areal i eit villreinområde. Kommunen har ansvaret for bestandsforvaltninga av hjort, elg og rådyr, men for villrein er denne rolla lagt til villreinnemnda. Det er i alt 9 villreinnemnder i Noreg. Dagleg drift av nemnda vert utført i eit eige sekretariat med fylkesmannen som oppdragsgjevar. **Villreinnemnda er viktig høyringspart for inngrepsaker, plansaker, løyver og dispensasjonar som kan påverke villreinen sine leveområde.**

VILLREINNEMNDENE



1. Setesdalsområdet
2. Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell
3. Hardangerviddaområdet
4. Nordfjella og Fjellheimen
5. Sogn og Fjordane
6. Reinheimen-Breheimen
7. Rondane og Sølnekletten
8. Snøhetta og Knutshø
9. Forollhogna
10. Tolga Østfjell Tolga kommune



Forhistorisk fangstgrav for rein, Vest-Jotunheimen. Foto: Einar Fortun

OMRÅDE FORVALTA AV VILLREINNEMNDA FOR SOGN OG FJORDANE

| Villreinområde | Kommunar | Areal |
|--|--|---------------------------|
| Svartebotnen | Stryn, Gloppen | 99 km² |
| Svartebotnen ligg på nordsida av Jostedalbreen, og ein del av området ligg i nasjonalparken. Dette er eit av dei minste villreinområda i Noreg. Stamma har no vore stabil på kring 60 vinterdyr i over 15 år. Dyra er spake, og det er eit lågt konflikt-nivå. Ofte kan me få meldingar om folk som har møtt rein på Utvikfjellet, og er overraska over å få høyre at det er villrein dei har sett. | | |
| Førdefjella | Gloppen, Jølster, Naustdal, Førde | 395 km² |
| Førdefjella villreinområde har stor grad av overlapp med Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Forvaltninga av verneområdet har difor mykje å seie også for forvaltninga av leveområdet til villreinen. Området har ei vinterstamme på kring 100 dyr. I Førdefjella finst både kalvingsland og vårbeite i bjørkeskog og på stølsvoller nedanfor skoggrensa. Området har få inngrep, men dei viktige ytterkantane er under press. | | |
| Sunnfjord | Askvoll, Førde, Gaular, Jølster | 700 km² |
| Sunnfjord villreinområde er vårt vestlegaste villreinområde. Den 120 dyr store stamma lever i ytterkant av områda med reinsbeite i Noreg. Villreinstamma består av tre delstammer som er skilde av to fjellovergangar. Vegring mot kryssing av kraftlinjer har og gjeve utfordringar i området. Dyra er generelt høvesvis spake, men om vinteren vert beitetilgangen avgrensa av eit høgt nivå på ferdsel, og beita vert slitt. | | |
| Vest-Jotunheimen | Årdal, Luster | 653 km² |
| Vest-Jotunheimen er ei stamme med kring 400 vinterdyr. Delar av villreinområdet ligg inne i Jotunheimen nasjonalpark. Området grensar mot Reinheimen villreinområde i nord, og her er noko utveksling. Fotturisme, og aukande grad av klatre- og skiturisme er ei utfordring for villreinstamma og deira moglegheit til å bruke alle beiteområda området kan tilby. Sognefjellsvegen og Tindevegen har og høg sommaraktivitet. | | |
| Lærdal-Årdal | Årdal, Lærdal | 488 km² |
| Lærdal-Årdal er Noreg sitt yngste villreinområde, etablert på 90-talet. Stamma er bygd gradvis opp frå 38 utsette villrein til dagens stamme på kring 270 vinterdyr. Avgrensinga er skarp, med vestlandsfjordar og ein fjellovergang tetta av hyttefelt og kraftmagasin. Fjellområdet har lågt nivå på ferdsel og andre forstyrningar og gode beitetilhøve både sommar og vinter. Stamma har likevel ikkje vakse så raskt som ein forventar. | | |



○ Område under Villreinnemnda for Sogn og Fjordane
⋯ Villreinområde med delar av arealet innanfor fylket
Kartbakgrunn: Statens kartverk 0 10 20 Km